



**Olaf Agnar Gausvik som i 2014 feira jul og nyttår saman med familien i Gdynia i Polen, har gjennom jula servert mykje interessann lesnad under overskifta ANDRE STADER - ANDRE SKIKKAR på facebook. I dag har han skrive om julebukkskikkar. Den passar svært godt i dag på trettandeafta som tidlegare var den kvelden ein gjekk julebukk på i Uskedalen. No er som kjent skikken flytta til trettande dag også her.**

Dersom nokon skulle meina at det eg skriv om religiøse fenomen under denne tittelen er saker og ting som eg har lite eller ikkje greie på, så har dei truleg heilt rett. Fundamentet mitt er i grunnen berre utanåtlekso i bibelsoga og katekisma frå folkeskulen, og konformasjonsførebuinga hos sokneprest Medhus. Litt plukka eg kanskje opp på realskulen og i gymnaset, men det er lite konkret eg kan visa til.

Eit visst kunnskapsløft fekk eg då eg i fleire år måtte ta på meg å undervisa i KRL i ungdomsskulen, men i møtet med skikkane i det katolske Polen, duger ikkje det heller.

I morgon er det 13. dag jul. Det eg kan knyta til denne dagen er at vi då eg var gutunge i Uskedalen, gjekk julebukk kvelden før, altså på 13. afta, medan julebukkane i andre bygder ofte var ute på 13. dagen. Etter kvart som det kom nye innflyttarar til bygda, synte det seg at dei hadde andre skikkar, og litt etter kvart gjekk det visst heilt i surr. Om dei har kome fram til noko sams ordning, veit eg ikkje.

Interessant for meg var det å høyra Krystyna Crow (78 år) som vaks opp i Polen, fortelja om korleis ho var med på å gå julebukk. Det ho fortel, samsvarar svært godt med det eg finn på Wikipedia:

Ordet julebukk har blitt brukt om en geitebukk som ble slaktet til jul, kanskje for å få et godt år. Seinere ble julebukk også betegnelse på en person som «går julebukk», det vil si en som går fra hus til hus i juletida sammen med en lite følge der alle er utkledd. Opprinnelig var en i flokken eller opptoget utstyrt med en bukke- eller hornmaske og en raggete skinnfell, siden var det vanligvis utkledd ungdom som var innom gårdene, sang, danset og tøyset, ble skjenket og fikk julemat. Krystyna meiner at denne tradisjonen framleis eksisterer på landsbygda i Polen.

Kanskje kjem det noko om magikarar, astrologar, vise menn og kongar i morgon.

Tekst: Olaf A. Gausvik  
 Nett: Thor Inge Døssland